



## SOMMARBREV 2021

### ***Vi ynskjer alle medlemmane i hytteforeininga ein god sommar!***

Sommaren har kome til Breidalen. Mange vil feriere i Norge i år også, så hyttene våre vil nok bli flittig brukt. Med lite snø i fjella i år så kan vi håpe på at vatnet i kulpane i Hamsedalen blir varmare enn i fjar og naturen rundt er like fantastisk som den alltid har vore.

Vi får ein «ny» merka sti i hyttefeltet i sommar. Den Norske Turistforeininga vil remerke stien fra Hamsevika til Danskehytta. Stien vil gå frå bruhaugen, via Hamsehytta, og knytast saman med stien som går oppe i lia.

Vi minner også om turbøkene som ligg ute ved Viahøi, ved bruhaugen på Hamserunda og ved Hamsehytta. På medlemsmøtet i september vil ein heldig vinnar bli trekt ut frå kvar turbok.

#### **Medlemsmøte og Årsmøte.**

Vi vil invitere alle medlemmane våre til medlemsmøte og årsmøte på Grottil Høyfjellshotell laurdag 11. september. Møtet startar klokka 17:30. For dei som ynskjer det, vil det bli middag i restauranten etter Årsmøtet. Vi sender ut meir informasjon og papir vedrørande årsmøtet, i august.

#### **Saker som styret arbeider med.**

##### Reguleringsendring for innlagt vatn og utsleppsløyve frå hyttene.

Dette har vore hovudsaka i styret i året som har gått. Eit planinitiativ om reguleringsendring for å få løyve til

å legge inn vatn til hyttene vart sendt til Skjåk kommune hausten 2020. Det vart halde oppstartsmøte med komuna i november, og varsel om oppstart av reguleringsendring vart sendt ut til medlemmene og andre aktuelle partar i januar 2021. Det kom ein del tilbakemeldingar på varselet, og desse vart sendt til medlemmene på e-post i mars i år. Representantar frå styret i hytteforeininga er kalla inn til Regionalt planformumsmøte mellom Skjåk kommune, Leite og Howden (som utforma planinitiativet), Steinar Aasgaard (som skisserer korleis VA kan ordnast for kvar enkelt hytte) og verksemndene som kom med tilbakemeldingar på planinitiativet, 25. august. Det var statsforvaltaren i Innlandet som tok initiativ til møtet.

Vi vil gi grundig informasjon om denne saka på medlemsmøtet 11 september.

#### Veglag

Styret har diskutert vedlikehald av gamle Geirangerveg i styremøta. Vi ynskjer å sjå om det er stemning for danning av veglag mellom medlemmene vår. Styret ynskjer om at alle som brukar vegen skal bidra. Utanom medlemmene i Hytteforeininga, har andre interesse av at vegen er i stand. Statens vegvesen eig veggrunnen. Skjåk kommune ynskjer å nytte vegen til sykkelveg. Skjåk Almenning eig deler av vegen. DNT har løyper med startpunkt frå vegen. Hyttefolket i tilknyting til Breidablikk-området, bruker også vegen. Denne saka tek vi att til diskusjon på medlemsmøtet og vidare på årsmøtet.

I fjor haust hadde vi dugnadsarbeid på vegen. Det er muligens behov for rydding av kratt langs vegen i år. Styret vil, i så fall, kalle inn til ny dugnad. Det har vore stor oppslutning rundt dugnadsarbeidet, noko som også er ei god anledning for hyttefolket til å møtes.

#### Sosialt

Styret vil legge fram forslag om bygging av Gapahuk ved Breidalvatnet. Skjåk kommune er positiv, og vi vil gjerne ha respons frå medlemmene våre på medlemsmøtet og ei tilslutning (eller ikkje) på årsmøtet.

#### Økonomi

På årsmøtet i fjor, vart det vedteke å be ein profesjonell 3.part om å utarbeide planinitiativet i samband med reguleringsendringa for innlagt vatn i hyttene. Hytteforeininga har difor hatt ekstra utgifter i år. Per no, har ca halvparten av medlemmene betalt medlemskontingensten på 350 kroner. **Vi vil be dei som ikkje har betalt, om å straks betale kr 350 til konto nr.: 3991 06 71670.**

*Dersom nokon av medlemmene har saker dei ynskjer å ta opp på medlemsmøtet, så gi oss beskjed.*

***Sommarselsing frå styret i Breidablikk hytteforeining.***